

**Fra:** Steinar Hunskår <Steinar.Hunskar@uib.no>  
**Sendt:** søndag 30. april 2023 10:54  
**Til:** Hogne Askeland  
**Kopi:** Steinar Hunskår  
**Emne:** Avvik slamavskiljar - søknad om utsett frist - 23/203 - 23/10577

Alvers kommune  
Miljø og tilsyn

Sakshandsamar Hogne Askeland

Hei  
Viser til melding om avvik kopiert inn nedanfor.

Vi søker med dette om utsett frist for arbeidet til 1. oktober 2023.

Grunngjeving:

Vi kjøpte denne eigedommen hausten 2021 og var ikkje kjent med tidlegare meldte avvik.

Vi har prøvd å finne ut av historikken her, og det ser ut til at septiktanken har vore feilmontert heilt sidan huset vart bygt i 1983.

Alver kommune sitt arkiv har ikkje kunne identifisere kven som monterte anlegget eller kven som var ansvarshavande. Tidlegare eigarar har heller ikkje kunna hjelpe.

Vi har hatt kontakt med Nova24, aktuell entreprenør og rørleggjar. Det synes som om dette kan bli eit stort arbeid. Plan A er å legge om rørsystemet utan å flytte septiktanken. Entreprenør og rørleggjar har tenkt ut ein plan for korleis dette potensielt kan gjerast, det krev uansett ein god del graving på ein utfordrande plass (trongt rundt hushjørne etc). Dersom ikkje denne planen lukkast, må potensielt heile septiktanken gravast opp og flyttast/vendast eller byttast.

Planen er å utføre arbeidet i sommarferien, med minst moglege ulempe for dei to husstandane som bur i huset. På grunn av stor usikkerhet om kva som skal til, ber vi likevel om ein ny frist til 1. oktober 2023 i tilfelle heile tanken og anlegget må leggst om. Anlegget ligg der og er i drift slik det har vore sidan 1983. Det er ikkje fare for avrenning eller forureining meir enn før, da anlegget er tett.

Venleg helsing

Steinar Hunskår og Margun Sellevoll

Referanser: Saksbehandlar: Dato:

Dykkar: Hogne Askeland 07.02.2023

Vår: 23/203 - 23/10577 [hogne.askeland@alver.kommune.no](mailto:hogne.askeland@alver.kommune.no)

## **Registrert avvik slamavskiljar og varsel om tvangsmulkt - gbnr 147/24 Sellevoll**

**Tiltak:** avvik slamavskiljar

**Byggjestad:** Gbnr 147/24

**Tiltakshavar:** Steinar Hunskår

Alver kommune har den 04.01.2023 motteke melding frå Norva24 om at det ved tømning av slamavskiljar den 19.10.2022 vart det registrert: «*Anlegget er registrert med andre manglar – feilmontert.*»

Avviket er knytt til anlegget på eierdommen din med adresse Skarsvegen 556A,B.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

**Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 07.06.2023.**